



Til

Lindås Kommune
v/ Ingrid Bjørge Pedersen
5914 Isdalstø

Gjenpart til:

Vår ref

Deres ref

Dato

2013314-LK_avklaring_reg_situasjon.docx

25.02.2014

SUNDBAKKEN - LEKNES LINDÅS KOMMUNE

SAK: AVKLARING KNYTT TIL BEHOV FOR GODKJENNING - MINDRE ENDRING FRÅ REGULERINGSPLAN / DISPENSASJONS FRÅ GJELDANDE PLAN.

Vi viser til telefonsamtale der vi avtalte at vi sendte inn underlag i saka.

Vi er forespurt av tiltakshavar om å bistå i saka. Vår rolle er berre knytt til denne avklaringa og om naudsynt revisjon av reguleringsplan.

Det aktuelle området er regulert og det ligg føre godkjent byggjeløyve for begge naustrekkjene.

I samband med byggjearbeida ser ein at det er behov for å gjera mindre endringar i forhold til godkjent reguleringsplan og situasjonsplan - dette i hovudsak knytt til nordre naustrekkje.

Terrenget i bakkant av nausta - del av det som i reguleringsplanen er definert til turdrag/friluftsføremål, hadde ei naturleg sleppe i fjellet. Ved sprengning ført dette til at det vart tatt ut noko meir fjell. Vi finn det derfor naturleg å trekkja nausta lenger tilbake og tilsvarende trekkja kaifront bakover. Samla vert dette ei betre løysning.

- Figur 1 vise korleis ein ynskjer å byggja.
- Figur 2 viser utsnitt av den godkjente reguleringsplanen.
- Figur 3 og 4 viser terrenget slik det ser ut idag - bilder.
- Figur 5 viser korleis området vil sjå ut når det er ferdig - bilde med monterte naust.

Vi vonar at Dykk ser at dette er ei fornuftig løysning slik forholda er på staden. Som Dykk kan sjå er det berørte området i bakkant svært bratt og ikkje egna til tur/friluftsføremål.

Planen er no å renske fjellet og sikre skråningar med godt gjerde i topp tilsvarende slik det er gjort langs parkeringsplassen. Nausta vert plassert utan kontakt med fjell i bakkant. Nausta vert av den grunn oppført i bindingsverk også for bakveggen.

Vi vonar at Dykk har forståing for desse endringane og at Dykk kan akseptere at vi ikkje må gjennom ein lang prosess knytt til dette. Praktisk vonar vi at Dykk kan gje løyve/akseptere endringane utan at vi må koma med ytterlegare søknad. Ved ferdigstillelse vil ein sjølvst sende

inn dokumentert plassering i samsvar med krav i byggjeløyve. Vi retter gjerne også opp reguleringsplanen slik at den er i samsvar med dei faktiske forhold.

Vennlig hilsen


for

ADU Ingeniør Atle D. Utkilen



Atle Utkilen



Vedlegg - 1 - 5 - sjå side 3 og 4.



Figur 1 Utsnitt fra situasjonsplan. Rødt er endringer.



Figur 2 Godkjent reguleringsplan - utsnitt



Figur 3 Slik ser det ut idag



Figur 4 - Terreng i dag



Figur 5 Slik det er planlagt når det står ferdig.